



HORDALAND

i nær fortid



Det Norske Samlaget



HELGE G. FEET, fødd 1901 i Kvinnherad, tek oss med inn i våningshuset.

Husa på Risnes stod på ein åsrygg. Framsida vende mot Undarheimsvågen, baksida mot utstillingsplassen. Her var ope utsyn mot fagre skogkledde lier, og mot Vågen og Hardangerfjorden.

Grunnmuren var ca. 50 kvadratmeter utvendig. Det var grave ut kjellar under heile huset. Murane var av hoggen gråstein, og rakk om lag ein meter over bakken. Dører og glas var på framsida. Kjellargolviet var avsletta aur, med fjøresand oppå. Skorsteinen var mura opp frå kjellaren. Her stod ein komfyr med stor steikjehelle og to kokehol, og her var eit bakstebord på krakk. Mor baka kaker, brød og lefser her. Ei krå i kjellaren var potetbing, og her var saltestampar for fisk og kjøt i ei krå.

Huset var bygd av timber ferdig frå sagbruk. Bygningsmennene var fagfolk, so arbeidet var vel utført. Inngangen var frå nordvestre hjørnet. Her var ein liten gang med trapp opp til lemnen, dør inn til kjøken og dør til stova. Denne stova var noko mindre enn den andre som var daglegstove.

Det var dør mellom stovene. Frå daglegstova var det dør ut til kjøkenet og til eit lite kammers. Stovene hadde glas mot Vågen. Daglegstova hadde òg glas mot søraust. Lemgolvet låg på synlege bjelkar. Lemmen var bygd opp av nokre omfar med timber og timbra i brystningane. Her var glas. Lemmen var delt i to med paneling og sperra underkledning. Det var eit stort og fint soverom.

I daglegstova var der dobbelseng og grønblå vogge attmed senga. Senga var av mørkt eikefarga fure. Ein mørkeblå slagbenk med lok var der òg. Eit stovebord hadde to breie plater som kunne trekkjast ut, og ei plate til å leggja inni. Der var to pinnestolar og nokre trekvite stolar og ein armstol av same sort. Skorsteinen gjekk opp i den minste stova i kråa til kjøkenet. I daglegstova var det brannmur, og her stod ein kokeomn. På ein vegg hang det ei kasse-klokke med rosemåla dør. Inne i kassen var to lodd, som kunne trekkjast med ein lykel. Klokka slo halv og heil time med ein liten hammar på ein stålspiral. Frå ein bjelke hang ein lampe i ein stålstreng; oljekrukka var av glas og stod i ein jernring festa til ein strengbøyle, og skjermen var kvitmåla under og blank oppå.

I den minste stova var det ei gjesteseng, eit bord, fire pinnestolar og ein kommode. På den stod ein lampe med ståfot; oljeskåla var kvit. Her var òg to rosemåla kister til å gøyma klede i, og ein vaskeservant med vassmugge og fat. På kommoden stod eit kaffisett til seks personar. Det var måla blomster på kanne og koppar.

I kjøkenet stod eit bord framfor glaset og to trestolar, og det var ei stor hylle ved den kortveggen som vende til kammerset. Hylla stod på golvet og rakk mest til taket. Ho var festa til veggen med to krokar, og framsida hadde trekkgardiner. Hylla var som eit spiskammers. Her var ein liten omn til å koka kaffi på, og barnemat. Middag og kveldsmat vart koka på omnen i daglegstova om vinteren, og om sumaren var mykje av matlaginga i kjellaren.

På baksida av stovehuset, like inn til ein steingard som var skiftelina med naboen, var planta ei rekkje med ask. Trea var alt høgare enn stovehuset, og dei hadde glatte, grå stammer. På framsida, noko til side for huset, stod eit morellbærtre. Jorda låg i ei flate med slak helling ned mot vågen. Vi sysken som fekk våre fyrste barneår her på Risnes, har mykje å vera takksame for. Når eg tenkjer tilbake på dei åra, er det som eit eventyr, men det var verkeleg nok. Born kan ikkje ha opplevd større lukke enn det vi gjorde. Vi hadde alt det born kan ynskja seg. Gode og omsorgsfulle

Garden

foreldre; vi mangla aldri mat eller klede, og vi hadde den storslegne naturen. Dertil hadde vi tre sett besteforeldre, for dei gamle som flytta til oss, var òg som besteforeldre.